

Fra: erlend.bakke@tele2.no [mailto:erlend.bakke@tele2.no]

Sendt: 4. september 2010 13:07

Til: Postmottak FAD; Postmottak KUD

Kopi: nm@nm.no; post@sprakradet.no

Emne: Høyringsuttale: Krav om plikt i ny gravferdslov til å opplysa om språkrett

Erlend Bakke
Litle Fauskanger
5314 Kjerrgarden

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet
Kulturdepartementet

Askøy, 4. september 2010

Høyringsuttale: Ny gravferdslov må innføra plikt til å opplysa pårørande om retten til å velja mellom nynorsk og bokmål

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet har sendt «Forslag om endringer i gravferdsloven og kirkeloven Høringsnotat juni 2010» til høyring. Høyringsfristen er 15. september 2010. Høyringsnotatet opnar for at den nye gravferdslova skal gjera det lettare for fleire rituelle alternativ.

Eg vil her argumentera for at den nye gravferdslova må innføra plikt til å opplysa dei pårørande om retten til i visse høve å velja mellom nynorsk og bokmål. Dei som har, får eller tek på seg ansvar for å hjelpa etterlatne pårørande, skal i slike høve ha plikt til å opplysa om denne retten. Ei slik plikt må mellom anna gå ut på å opplysa dei pårørande om at dei kan få alle offentlege skjema dei skal fylla ut i samband med dødsfall og gravferd, på nynorsk eller på bokmål.

Det kan godt henda at departementet bør fastsetja i gravferdslova at slike offentlege skjema au skal liggja føre på samisk og til dømes på engelsk, for å koma i møte rettane for samiskspråklege og for å hjelpa personar som ikkje meistrar norsk. Vilkåret for dette må i tilfelle vera at gravferdslova fyrst syner fram retten til å velja mellom dei to norske skriftspråka. Dette inneber sjølvstendig at departementet må syta for at absolutt alle offentlege skjema og formular som ny gravferdslov vil føra med seg, finst på både nynorsk og bokmål. Departementet er i alle høve plikta til det gjennom lov om målbruk i offentlig teneste.

Trongen for å innføra plikt i gravferdslova til å opplysa om visse språkrettar, kjem av at lova skal regulera måtar å møta døden på. Då er det særleg viktig å bruka det rette språket rett. Dei etterlatne er ofte i ein sårbar tilstand der språk og språkbruk kan bety mykje. Samstundes kan dei vera spesielt ute av stand til å målbera tydeleg og presist at det betyr mykje.

Dette er hovudgrunnen til at gravferdslova må plikta det offentlege så vel som gravferdsbyrå, gravminneforhandlarar og andre aktuelle private verksemder – til dømes private sjukehus – til å spørja dei rette pårørande om kva skriftmålform ein skal ta i bruk når dei pårørande faktisk kan velja. Dette vil altså innebera ei plikt for hjelparane til å hjelpa fram retten dei pårørande har til å velja mellom nynorsk og bokmål.

Gravferdslova må difor innehalda føresegner som regulerer det følgjande:

1) På det fyrste skjemaet som dei rette pårørande skal fylla ut i samband med dødsfallet, må ein kunna kryssa av for kva skriftmålform ein ynskjer at det offentlege skal bruka i saker som gjeld dødsfallet og den avlidne. Alle i offentlig teneste eller i privat verksemd som har, får eller tek på seg ansvar for at dei rette pårørande fyller ut offentlege skjema i samband med dødsfallet, skal ha plikt til å syta for at dei pårørande kan fylla ut alle slike offentlege skjema – frå det fyrste til det siste – i den skriftmålforma dei pårørande bestemmer seg for, eller som den avlidne ynskje. Det inneber såleis ei plikt for alle hjelparar til å spørja dei pårørande *skriftleg* om kva skriftmålform dei pårørande vil nytta for å dokumentera dødsfallet, og for å oppfylla pliktene og rettane dødsfallet fører med seg for dei.

2) Gravferdsbyrå må ha plikt i lova til å skaffa alle aktuelle offentlege skjema på både nynorsk og bokmål. Gravferdsbyrå må au ha plikt i lova til å spørja dei rette pårørande *skriftleg* om kva skriftmålfom dei pårørande ynskjer å bruka i offentlege skjema, i dødslysinga, i gravferdsprogrammet og i takkhelsinga etter gravferda. Det same vil gjelda andre samanhengar der gravferdsbyrået skal sikra at det faktisk er dei pårørande som kjem til ords, til dømes dersom gravferdsbyrået skal skaffa blomedekorasjonane med dei siste helsingane.

3) Gravminneforhandlarar må sameleis ha plikt i lova til å skaffa alle aktuelle offentlege skjema på både nynorsk og bokmål, og til å spørja dei rette pårørande *skriftleg* om kva skriftmålfom dei pårørande ynskjer å bruka i offentlege skjema og på gravminnet. Dersom dei pårørande kryssar av for nynorsk, vil det då vera klårt at gravminneforhandlararen skal visa fram nynorske alternativ som «Me deg aldri gløyma vil» eller «Takk for gode minne».

Dette inneber ikkje ein freistnad på å snikinnføra ei lov om målbruk i privat verksemd. Dette argumenterer for at norske gravferdsbyrå, gravminneforhandlarar og andre private verksemdar må ha plikt i lova til å opplysa pårørande om at dei i visse høve kan velja mellom nynorsk og bokmål, og plikt til å hjelpa dei rette pårørande med å gjennomføra dette valet. Gravferdsbyrå og gravminneforhandlarar må difor få plikt til å kunna levera visse tekstar på både nynorsk og bokmål, men ikkje plikt til å skriva desse tekstane sjølve. Kan dei ikkje skriva tekstane sjølve på nynorsk og på bokmål, må dei finna verksemdar som kan skriva dei.

Dersom departementet ikkje vil formulera ei slik plikt for gravferdsbyrå og gravminneforhandlarar i gravferdslova, må dei pårørande sjølve også i framtida ta opp spørsmålet om språk og språkbruk. Då må dei pårørande oppmoda gravferdsbyrået til å innfri retten til bokmål, dersom det er målet dei pårørande vil bruka. Det er ikkje sjølvstyk at det ein klarer å formidla det sjølv. Eg vil oppmoda departementet til å vedgå at døden er ei så rystande hending at dei pårørande lyt hjelpast til å finna både pliktene og rettane dei har etter dødsfallet.

Eg bed Kulturdepartementet, som er høyringsinstans for den nye gravferdslova, vurderer korleis lov om målbruk i offentleg teneste og gjeldande språkpolitikk kan koma til å påverka føresegnene i den nye gravferdslova.

Eg sender denne høyringsuttalen som tilsett i Askøy kyrkjelege fellelsråd.

Med helsing
Erlend Bakke

Kopi: Noregs Mållag og Språkrådet